

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

### Sak 24/24. Prisar for overnatting på fjellstyrehytte

#### **Saksopplysing/vurdering:**

I samband med handsaminga av budsjettet for 2024, vart det bestemt å justera opp prisane for overnatting på fjellstyrehytte. Fjellstyret operer i dag med ein overnatningspris på dei opne fjellstyrehytte på kr. 100 per person. Det er gratis overnatting for born og ungdom fram til fylte 20 år. Denne prisen vart vedteken i 2014 (sak 23/14). Før denne justeringa var overnatningsprisen kr 80.

Den lange tida som har gått sidan prisen sist vart justert, tilseier at det no bør gjerast ei prisjustering. Kostnadsnivået har auka ein del på dei ti åra som har gått sidan vedtaket om overnatningspris vart gjort. KPI har i denne perioden auka med 35 %. Posten i fjellstyret sitt budsjett som heiter «drift av fjellstyrehytter» har dei siste åra lege på kring kr. 30.000 i året. Dette gjeld betaling for varer og tenester som vert fakturerte fjellstyret i samband med drifta av hyttene. Større bygningstiltak kjem i tillegg. Arbeidskostnaden i samband med drifta av hyttene er ikkje medrekna. Denne kostnaden er betydeleg, men litt av kostnaden vert dekt gjennom refusjonsordninga for fjellopptsynet, via Statskog SF. Det er uansett slik at fjellstyret si drift av dei opne hyttene er eit underskotsføretak, meir som ein service å rekna for dei som brukar områda, både bygdefolk og andre.

Eg vil føreslå at prisen for overnatting vert auka med 50 % - 50 kroner - men at det framleis skal vera gratis for ungdom under 20 år.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ny pris for overnatting på fjellstyrehytte vart sett til kr 150. Det skal framleis vera gratis overnatting for born og ungdom fram til fylte 20 år.

Fjellstyrekontoret, den 11.4.24

Harald Skjerdal